



## **Fråsegn frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane**

### **TRANSPORT FOR ALLE – OVERALT – ENN SÅ LENGE**

Distrikta har i dag eit transporttilbod gjennom drosjenæringa – på vakt 24 timar i døgnet, 365 dagar i året – utan kostnad for det offentlege. I tillegg er drosjeeigarane sjølvstendig næringsdrivande, og er ein meirverdi for mange små kommunar. Styresmaktene vil no kanskje avgjere at for å køyre drosje treng ein ikkje ha drosjeløyve, men berre småkurs og du er klar til å køyra. Dersom dei største byane våre ønskjer slike drosjeeigarar så kan dei få det, men la oss i distrikta få behalde løyvestrukturen som den er og få behalde mange av dei fordelane det er å ha sjåførar som snakkar eit språk ein forstår, veit kven ein er, kor ein bur osv. Tryggheit i transportetappen er vesentleg. Det er ofte sårbare situasjonar under transportane til/frå sjukehus mm. Lange avstandar gjer situasjonen verre. At det dei seinare åra har vore eit visst bortfall av løyve har vore kjent sidan Helseføretaka overtok styringa med pasienttransporten, men problemet med nedlegging av drosjeløyve ser no ut til å auke i raskt tempo. Pasienttransport var/er den grunnleggande inntekta for distriktdrosjane, og etter anbudspraksisen vart innført har fleire løyvehavarar levert inn løyvet.

Dersom styresmaktene no legg opp til at Samferdslelova vert endra med den konsekvens at «alle og einkvar» kan danne sin eigen praksis for å køyre drosje er vi redd for at det ikkje blir mange tilbod om drosjetransport etter kl 16.00 og helgar i distrikts-Noreg.

Kor vert det av livskvaliteten som skal/skulle føre til at eldre mfl kan meistra eigen kvardag og klare seg sjølv, med telemedisin og alternative behandlingstilbod?

Skal du ha ei eller anna form for aktivitet og den aktiviteten føregår berre 50 m frå bustaden din – er du avhengig av ei eller anna form for transport for å delta.

Med aukande tal eldre – og det faktum at ca 25% av innbygarane våre treng universell utforming ved transport – blir det svært vesentleg at vi har ei drosjenæring som fungerer – som har ei opningstid etter kl 16.00 – og som er tilrettelagt for dei fleste. Både styresmaktene, og vi som er eldre, ønskjer at vi skal kunne bu heime så lenge som mogleg. Folkehelseperspektivet er i fokus, vi skal halde oss i aktivitet – ha god helse gjennom trening og godt kosthald mm. Jfr «Leve hele livet». Aktivitet krev ofte transportløyvingar, og vi ønskjer sterkt å behalde «dør til dør»-transportar med lokalkjente utøvarar – og ha eit tilbod om transport heile døgnet.

Pensjonistane (og andre) i Sogn og Fjordane er bekymra for dei framtidige drosjetilboda i distrikta. Så ver så snill å ta omsyn til at vi er mange som ikkje har eit ordinært kollektivtilbod med buss, tog osv, . Vi er mange som har «lagt frå oss» sertifikatet, og i tillegg har vi mange med nedsett funksjonsevne som heller ikkje har bil eller køyrer sjølv. Me er avhengig av ein nærrosje til mange ulike tenester som skal gjerast i eit heilt vanleg liv når vi sjølv ikkje kan køyre.

**Denne fråsegna vart vedteken på styremøte i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 28. januar 2019. Styret ser dette som ei viktig sak for distrikta, og særleg for dei eldre.**

Fråsegna vert send til:  
Pensjonistforbundet sentralt.  
Fylkeslaga i Pensjonistforbundet.  
Sogn og Fj. Fylkeskommune.  
Fylkeseldrerådet i Sogn og Fj.  
Stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane.

MVH

Per Kjelstad  
Fylkesleiar

Laila Hage  
Dagleg leiar